

SAK 54/13 PROFILERING HALLINGDAL, GJENNOMFØRING

Saksopplysning

For at Hallingdal skal vera så attraktiv og tydeleg i sin kommunikasjon som mogeleg, har Visit Hallingdal og Regionrådet for Hallingdal gjennom Hallingdal 2020 arbeidd fram eit felles visuelt uttrykk for heile Hallingdal.

I sak 44/13 fekk Regionrådet presentert forslag til ein profil eller visuell identitet for Hallingdal.

For Regionrådet for Hallingdal er det viktig å gjera Hallingdal sin nye profil kjent og at den blir nytta i flest mogeleg samanhengar. Etter nærare retningslinjer er målet at profilen også blir nytta av kommunar, næringsliv og lag/organisasjonar.

I tillegg til at profil må innarbeidast på digitale plattformer er det panlagt ulike profilobjekt som kan nyttast av representantar for Hallingdal som t.d. politikarar og Hallingambassadørar. I fyrste omgang er det planlagt følgjande profileringsartiklar:

- T-skjorter i god kvalitet
 - Klistremerker
 - Skistopper i god kvalitet
 - Buff, ull
 - Roll ups
 - Jakker softshell eller fleece
 - Ikkje definerte produkt som blir tilpassa i samarbeid med våre Hallingambassadørar
- I tillegg kan det vera aktuelt med litt hjelp til bedrifter som ynskjer å nytte Hallingdal sin profil.

Total kostnadsramme i fyrste fase er rekna til kr. 250.000.

Vurdering

Hallingdal sin nye profil er ei heilt ny merkevareplattform til bruk både for reiselivet, små og store næringsinteresser og offentlege verksemd i heile regionen. No startar arbeidet med å implementere vår nye profil i heile Hallingdal. Dett er eit langsiktig arbeid som ikkje gjer seg sjølv. Ansvar for Regionrådet sin del av gjennomføringa ligg naturleg til Hallingdal 2020. Det er og viktig at Regionrådet er ein pådrivar i den komande prosessen.

Målsettinga må vera at:

- Profilen skal styrkja vår identitet og gjera tilknytninga og profilering av Hallingdal tydelegare.
- Hallingprofilen skal vera ein paraplyprofil som skal samordne merkevarebygginga av Hallingdal som region, og styrkje regionen som bu- og arbeidsmarknad.
- Me får til ein vekslerknad mellom Hallingen sin identitet og kvalitet på produkt og tenester, frå og i Hallingdal. Dette vil i sin tur gjera merket truverdig og styrkja regionen sitt omdøme og vera med å styrke Hallingdal som merkevare.
- Merkevareprofilen skal forsterke interessa for tenester og produkt med tilknytning til namnet Hallingdal.

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 250.000 til fyrste fase av å implementere Hallingdal sin nye profil. Midlane blir løyvd frå regionalt næringsfond.

Ål 15.13.2013

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar